



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Kommuneplan Åmli 2019 – 2031
Samfunnsdel, vedtatt i Kommunestyret 27.02.2020

Forord

Kommuneplanen er eit verktøy for å leggje til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon i kommunen.

I Kommuneplanen 2007-2019 er kommunens visjon «Åmli kommune - bygda for alle», og den tar me med oss vidare og er uendra. Visjonen er tradisjonsrik og seier noko viktig om korleis me ønsker å bli sett på utanfrå.

Hovudmåla for ny kommuneplan for 2019-2031 er inndelt i tre overordna satsingsområde:

- Berekraftig verdiskapning
- Gode tenester
- Framtidsretta organisasjon

Næringsarbeidet i Åmli er viktig, og arbeidet kommunen gjer vil ha stor betydning for framtida. Nå når me skriv årstal 2020 ser det lyst ut for Åmli, men i ein langtidspan kan ting endre seg, og det er derfor viktig å ha høgt fokus på dette arbeidet.

Kommunen si hovudoppgåve er å levere gode nok tenester til kommunens innbyggjarar, og med samfunnsutviklinga som har vore dei seiste åra kan det til tider vere utfordrande. Som me ser i planen har kommunen mange viktige oppgåver, og med delmåla som er satt i planen syner me at arbeidet framover vil bli bra.

Endringar vil kome, og enten me liker det eller ikkje er me nøydt til å ta det inn over oss. At me då har kommunalt tilsette som er framoverlente og endringsvillige er ein stor fordel. Med arbeidet som er lagt ned i denne kommuneplanen syner me at alle delar av kommunen er viktige, og at me er avhengig av at store krefter drar i same retning.

Eg vil difor ta fram viktigeita det frivillige arbeidet som gjerast i kommunen har for at me mellom anna skal ha gode fritidsaktivitetar til born og unge. Utan frivillige og dugnadsarbeid stoppar mykje opp.

Politisk er det viktig at me lyttar til kommunens innbyggjarar, og gjer me det på ein god måte meiner eg at me vil klare å dra utviklinga av Åmli kommune i ei retning slik planen her legg opp til.

Planen vil vere eit viktig overordna verktøy i åra framover, og det er mitt håp at den vil virke etter hensikta.

Åmli 02.01.2020



Bjørn Gunnar Baas
Ordfører

INNHALD:

Forord	2
1 Korleis har vi det?	4
1.1 Demografi og overordna utviklingstrekk.....	4
1.2 Klima og energi.....	7
1.3 Areal og transport.....	9
1.4 Skule og utdanning.....	11
1.5 Arbeids- og næringsliv.....	12
1.6 Kultur og kulturminner.....	14
1.7 Folkehelse.....	16
1.8 SWOT-diagram.....	18
2 Korleis vil vi ha det?	21
2.1 Visjon og verdier.....	22
2.2 Hovudmål.....	22
2.3 Delmål for tenesteområda.....	24
2.3.1 OPPVEKST.....	25
2.3.2 HELSE OG VELFERD.....	25
2.3.3 HABILITERING OG RESSURS.....	26
2.3.4 RÅDMANNENS STAB.....	27
2.3.5 SAMFUNN.....	27
3 Styringskart	29
3.1 Statlege og regionale føringar.....	29
3.2 Utforming av årlege tiltak og resultatoppfølging i kommunen.....	30
4 Referansar	33

Foto:

Alle bileta i planen er innsend til fotokonkurranse i regi av Åmli kommune i samband med prosessen for kommuneplan 2019 – 2031.

Vinnarane vart kåra til folkemøtet på Rådhuset 23. mai 2019:

- Hovudvinnar: Ung jeger med sekk og gevær (Foto: Per Øyvind Agersborg)
- Kategorivinnarar:
 - «Natur»: Kveldsidyll ved Flaten (Foto: Camilla Glad)
 - «Kultur og idrett»: Heimover, sandvolleyball og badepark (Foto: Svein Mortensen)
 - «Aktivitet og meistring»: ToppÅmli-dagen (Foto: Svein Mortensen)
 - «Næring og arbeidsliv»: Sau på vei til heia (Foto: Jens Magne Føreland)
 - «Valfri»: Badeparken i sprengkulde (Foto: Svein Mortensen)

1 Korleis har vi det?


1.1 Demografi og overordna utviklingstrekk

Det har vore stabilt folketal i kommunen det siste tiåret. For dei fleste åra har det vore fødselsunderskot, men dette er utjamna av nettotilflytting. Dermed er folketilveksten relativt flat.

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggertal	1 836	1 855	1 861	1 829	1 825	1 815	1 810	1 832	1 847	1 856	1 845
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Fødselsoverskot	-8	-10	-11	-12	-12	0	0	-3	5	0	
Nettотilflytting	30	16	-22	8	2	-8	22	18	5	-11	
Folkeauke	19	6	-32	-4	-10	-5	22	15	9	-11	

Figur 1: Folketalsutvikling i Åmli 2008 – 2018 (kjelde: SSB)


Folkeveksten er ujamt fordelt på Agder, og det er relativt store forskjellar mellom innland og kyststripa mellom Arendal og Kristiansand. Heile 86 prosent av folketalsauka i perioden 2013-2018 er knytt til Kristiansandsregionen og nabokommunane. Åmli er omlag på nivå med tilgrensande kommunar i austregionen¹



Figur 2: Åmli si del av samla vekst på Agder 2013 – 2018 (kjelde: SSB)


Eit viktig trekk er at dei einssilde kommunesentra og byane veks, mest uavhengig av utviklinga i kommunen elles. Folketalsauka kjem dermed ofte der det allereie bur mest folk. Dette gjeld òg for Åmli der kyrkjebygda har vakse meir enn utkantane. Her er det lokale svvingar over tid for dei ulike grendene.

¹ Austregionen inkluderer kommunane Grimstad, Arendal, Froland, Tvedestrand, Vegårshei, Risør, Gjerstad og Åmli.




Figur 3: Folketalutvikling 2013-2018 på grunnkrinsnivå (kjelde, SSB)

For regional flytting er det størst mobilitet mellom Agder-fylka, samt mot Oslo-regionen. Både Vegårshei, Froland og Kristiansands-området har hatt stabil innanlands tilflytting over tid. Åmli har vore i «mellomsjiktet» av Agder-kommunane, med noko innanlands fråflytting.




Figur 4: Netto innanlands flytting for perioden 2011-2016 i % av folketalet per 1. januar 2011 (kjelde: SSB)

Det er ganske store, regionale skilnadar på hushaldssamansetningane i Agder. I perioden 2005-2016 var hushalda «aleinebuande» og «par utan born» nesten 60 prosent av den totale tilveksten. Åmli har noko høgare del einbuande enn fylket elles som vist i figur 5.




Figur 5: Ålnebuande i kommunane på Agder (kjelde: SSB)

Agder har yngre befolkning enn landet elles, medan kvinnedelen er omtrent på landsgjennomsnittet. Åmli har fleire eldre, samt lågare kvinnedel, enn både landet og fylket elles. Det er flest innbyggjarar i kommunen i aldersklassane 40 – 70 år.



Figur 6: Folkemengd i Åmli 2017 (kjelde: SSB)

Landet står framom store endringar i alderssamansetninga, der hovudtrekket i Noreg er ei aldrande befolkning. Dette skuldast både dei store fødselskulla frå etterkrigstida og stigande levealder. For Agder inneber dette at meir enn 40% av den samla (forventa) befolkningsveksten fram mot 2040 vil vere personar i aldersgruppa 67+. Då denne delen vil auke mot alle andre aldersgrupper, vil det vere færre arbeidande per eldre i framtida.




Figur 7: Framskrive vekst i ulike aldersgrupper 2017 – 2040 (kjelde: SSB)

1.2 Klima og energi


Det er forventa at årstemperaturen kjem til å auke med ca. 4,0°C til 2080; med størst auke for vinteren, og minst for sommaren. Veksts sesongen vil auke med 1-3 månadar, og mest i ytre kyststrok. Årsnedbøren er berekna til å auke med ca. 10 prosent. Auka blir størst vinter og vår, medan det sommartid er venta små endringar i totalnedbør. Nedbøren vil kome oftare og med auka nedbørsintensitet. Det er venta små endringar for vind, men usikkerheita er stor.

Årstemperatur Aust-Agder



Figur 8: Framtidige avvik frå gjennomsnittsverdiar (1971-2000) for årstempertur i Aust-Agder. Blå prikkar viser observerte avvik for enkeltår i perioden 1900-2014. Stipla raud strek er observert trend, mens raud kurve viser utjamna 10-års variasjonar. Heiltrekt grå strek og stipla grå liner viser hhv. midlare, låg og høg modellberekningar for endring av tempertur fram mot slutten av århundret for høge klimagassutslepp (Kjelde: Norsk klimaservicesenter)

Agder er ein stor nettoproducent av fornybar energi og produserer nesten dobbelt så mykje som vi nyttar. Totalt produserte Agder fylka 16,5 TWh vasskraft, 259 GWh vindkraft og 173 GWh varmekraft i 2015. Dette svarar til omlag 12 prosent av Noregs totale kraftproduksjon og halvparten av heile Danmarks straumforbruk.




Figur 9: Diagrammet viser produsert og omsatt energi og forbruk for ulike sektorar (kjelde: Klimaregnskap for Agder 2015 (Cemasys/SSB))

Åmli er vertskapskommune for vasskraftverk med samla produksjon på rundt 300 - 400 GWh/år. Dette svarar til ca. 2,5 prosent av produksjonen i Agder. Agder Energi eig vasskraftverka Jørundland (188 GWh/år) og Åmli kraftstasjon (86 GWh/år). I tillegg er det tre småkraftverk i kommunen; Harstveit, Nasvatn og Stedjeåna med ein samla årsproduksjon på rundt 18 GWh. Arendal Fossekompagni sine anlegg ved Flatenfoss ligg på grensa mellom Åmli og Froland og har ei samla årsproduksjon på rundt 77 GWh. Potensiale for nye småkraftverk er vurdert til ca. 130 GWh (Agder Energi Nett, 2013). Ca. 5,5 prosent av Åmlis areal er vatn.

Kommunen har verna vassdrag med Vegårsassdraget (verna i 1986) og Tovdalsvassdraget (verna i 2005/2009).


NVE har på oppdrag frå Olje- og energidepartementet (OED) laga eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Denne inneheld to delar; eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verkingar av vindkraft og kart med utpeiking av dei mest eigna områda for vindkraft (NVE, 2019). Store delar av Agder vart utpeika som spesielt eigna for vindkraft, og Aust-Agder var inne med eit samla areal på 1950 km². Mykje av dette området ligg i Åmli, gjennom heiområda mellom Skjeggedal, Tovdal og Gjøvdal som vist i figur 10. Etter høringa vedtok regjeringa å ikkje gå vidare med forslaget. Olje- og energidepartementet skal nå vurdere endringar i konsesjonssystemet og kunnskapsgrunnlaget frå NVE sine forslag til nasjonal ramme og høyringsinnspel skal vere sentralt i dette arbeidet.



Figur 10: Gulmerka område viser del av kommunen som er anbefalt som eigna for vindkraft i «Nasjonal ramme for vindkraft på land». (kjelde: NVE)


1.3 Areal og transport

Vern av område etter naturmangfaldlova skal bidra til å sikre nasjonalt og regionalt sårbare og trua naturtypar. Stortinget har sett som mål å verne 10 prosent av produktiv skog i Noreg. På Agder er i underkant av 5 prosent av skogarealet omfatta av vern, medan noko over 8% av produktiv skog er verna i Åmli (per 2018). Ca 123.000 daa eller 11 prosent av totalt landareal i Åmli er verna.



Figur 11: Område i Åmli som er omfatta av vern (kjelde: Miljødirektoratet)

Agder har omlag 9 prosent av alle fritidsbustadar i Noreg. Undersøkingar syner at talet på bruksdøgn/år for fritidsbustadar kan ligge mellom 40 og 50 og at brukstid aukar med høgare standard. I 2017 hadde Åmli 861 hytter, fleire opparbeidde og ledige tomter. Det er og mange hytteareal avsett i kommuneplanen som enda ikkje er utvikla.



Figur 12: Eksisterande og nye fritidsbustadar i Agder, 2014-2017 (kjelde: SSB og Matrikkelen)

E18/E39 bind Agder saman mot Oslo og Stavanger og er for tida under større opprusting. Åmli er eit knutepunkt for fleire riks- og fylkesvegvar mot Telemark, Setesdal og E18.


Riksveg 41 Kristiansand –Brunkeberg, også kalla «Telemarksvegen», Fylkesveg 415 frå Åmli til Fiane/E18 og Fylkesveg 42 Arendal – Evje (tilknytning Fv413 frå Åmli via Baas) er alle viktige gjennomfartsvegvar. Elbil- og ladeteknologi er i rask utvikling. Agder har flest ladestasjonar i Kristiansand, fylgt av Arendal og Grimstad. Strategi for ladestruktur i Agder (2015) peikar på korleis kommunal sektor effektivt kan legge til rette for auka bruk av ladbare kjøretøy, noko som vil vere sentralt for Åmli framover.



Figur 13: Hovudvegnett i Sør-Noreg

NSB Regiontog på Sørlandsbanen hadde nett i underkant av 1 million passasjerar mellom Oslo og Stavanger i 2017. NSB Lokaltog mellom Arendal og Nelaug hadde omlag 67.000 passasjerar same år (NSB, 2018).

Godstrafikken har potensial for vesentleg auke med køyring av lengre og fleire tog. Jernbaneverket eig i dag eit ca. 8 km langt industrispor frå Nelaug stasjon til Simonstad som framleis er ein del av det nasjonale jernbanenettet². Derfrå går det ei delvis fjerna togline inn på næringsområde på Jordøya som er eigd av Åmli kommune. Industrisporret hadde siste transporten på starten av 2000-tallet. Jernbanesporret frå Nelaug til Jordøya er nå planlagt rehabilitert som del av industrisatsinga på Simonstad.



Figur 14: Jernbaneliner frå Nelaug til Jordøya


² Linja er inkludert i Network Statement på følgjande link: <http://networkstatement.jbv.no/doku.php?id=vedlegg:sidespor>

Kjevik er ei nasjonal lufthamn og har rute- og chartertrafikk til både nasjonale og internasjonale destinasjonar. Trafikken om Kristiansand lufthamn er på rundt 1 million reisande per år. Gullknapp ligg i Froland kommune ca. 5 mil frå Åmli sentrum. Rullebana er nyleg utvida og kan ta charter- og taxiflygingar.

Agder-regionen treng digital infrastruktur som er meir robust i forhold til utfall og som kan tilby større kapasitet. Rundt halvparten av innbygarane i Åmli har fibertilknytning (kjelde: Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM)), men talet er truleg høgare grunna underrapportert tilkoplingar i samband med overgang mellom ulike drift- og utbyggingsselskap som ikkje har hatt fullstendig oppdatert og tilgjengeleg talgrunnlag.


1.4 Skule og utdanning

I 2016 hadde 28,3 prosent av innbygarane i Aust-Agder i alderen 16-74 år høgare utdanning. 3,6 prosent hadde fagskule, medan 40,7 prosent hadde vidaregåande som høgste utdanning. 27,4 prosent av befolkninga hadde berre grunnskule. Aust-Agder har ein mindre del med høgare utdanning enn resten av landet. Gjerstad og Åmli har størst del av innbygarane med grunnskule som høgste fullførte utdanning.




Figur 15: Befolkningas utdanningsnivå på Agder (kjelde, SSB)

Grunnskulepoeng er berekna som summen av elevanes sluttarakterar delt på karakterar og gange med 10. Grunnskulepoeng for Aust-Agder varierer frå 38,2 poeng (Froland kommune) til 43,2 poeng (Bykle kommune) for skuleåret 2016-17. Åmli ligg som nr. 11 av totalt 15 kommunar i grunnskulepoeng 2016/17, men dette har variert mykje for ulike år. 2017-2018 var grunnskulepoenga i Åmli noko høgare enn snittet i fylket elles.



Figur 18: Syssettingsdel per kommune, personar 15-74 år, 2017 (kjelde, SSB)

Åmli er den største skogkommunen på Agder og den 17. største i landet målt etter produktivt skogareal (kjelde, SSB). Kommunen har saman med nabokommunane eit særskild potensial for å utvikle skogsektoren. Åmli har eit samansett arbeids- og næringsliv, med stor industrisektor og hovudvekt innan treforedling. Varehandel og helse- og sosialtenester følger dernest som syssetting.



Figur 19: Kva innbyggjarane i Åmli arbeider med (kjelde, SSB)


Agder som region har ei arbeidsplassdekning på nær 96 prosent – dvs. at det er ca. 96 arbeidsplassar for kvar 100 syssette som er busett i regionen. Åmli ligg omlag på snittet for fylket, medan nabokommunar som Vegårshei

og Froland har låg arbeidsplassdekning, noko som tyder på at dei i større grad tar del av arbeidsmarknaden i byane og er bustad for innbyggjarar som jobbar i andre kommunar.



Figur 20: Arbeidsplassdekning i kommunane i Agder (kjelde: SSB)

Åmli har auka mobilitet i arbeidsstokken med vekst i både inn- og utpendling siste åra. Pendlinga ut av Åmli skjer i stor grad til Arendal, og i nokon grad til andre nabokommunar. Pendlinga til Nissedal har auka over åra.



Figur 21: Pendletraumar i Åmli (kjelde: Telemarksforskning, 2014)

1.6 Kultur og kulturminne


«Norsk kulturindeks» er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylke. Indeksen støttar seg på registerdata frå ei rekke offentlege etatar, interesseorganisasjonar og foreiningar. Målsettinga med Norsk kulturindeks er å skildre det faktiske kulturtilbodet og kulturbruken innanfor kommunen som

geografisk område. Indeksen er utvikla av Telemarksforsking i samarbeid med norske kommunar og fylke. Det er store variasjonar i Åmli si rangering på Norsk kulturindeks innanfor dei ulike kategoriane. I 2016 var Åmli i øvste tredjedel både i Agder og nasjonalt i samla rangering, og tilsvarande høgt på driftsutgifter per innbygger og i prosent av totale driftsutgifter.

Kommune	Nasjonale rangering av kommunene i kategoriene til Norsk kulturindeks													Driftsutgifter i kultursektoren	
	Kunstnere	Kultur- arbeidere	Museum	Konserter	Kino	Bibliotek	Scene- kunst	Kultur- skole	DKS	Til- delinger	Frivillig- het	Samlet rangering	Prosent av totale driftsutgifter	Per innbygger i kroner	
Bygland	96	53	65	198	216	53	273	292	31	147	27	58	3,7	3 069	
Mandal	206	163	106	375	64	121	148	351	241	161	40	117	3,9	2 193	
Farsund	149	141	72	254	50	50	273	369	211	75	43	68	4,7	2 559	
Gjerstad	374	418	377	195	304	272	273	288	147	279	55	378	1,1	770	
Risor	79	117	229	72	32	115	71	241	168	36	64	21	3,9	2 160	
Tvedestrand	55	25	49	45	304	146	273	285	202	13	102	50	2,1	1 209	
Flekkefjord	191	308	95	233	304	221	273	174	183	77	178	194	3,3	2 064	
Lillesand	74	173	266	51	135	132	273	400	95	166	186	135	3,8	1 679	
Vegårshei	355	421	304	386	242	214	273	280	93	287	188	402	2,4	1 749	
Årendal	194	88	92	153	52	153	191	367	118	92	193	81	4,4	2 396	
Åmli	343	137	165	115	234	163	273	112	98	30	201	133	3,2	2 416	
Marnardal	144	339	184	323	252	155	273	260	178	187	219	252	3,8	2 838	
Lindesnes	87	289	176	214	304	100	273	210	258	9	230	159	3,4	2 139	
Kristiansand	26	16	47	87	23	58	12	370	92	32	235	12	4,8	2 458	
Audnedal	407	410	207	273	244	40	273	223	114	360	243	347	4,1	3 132	
Valle	110	40	52	194	171	264	273	139	14	71	245	85	7,4	7 413	
Lyngdal	323	161	375	136	16	50	129	347	251	153	294	167	2,8	1 548	
Kvinesdal	214	308	196	206	7	65	107	353	277	298	308	188	5,6	4 054	
Birkenes	201	111	272	370	304	258	273	398	164	360	312	379	1,7	966	
Hægebostad	397	321	377	301	304	72	273	249	250	360	320	409	1,5	1 095	
Grimstad	241	231	282	172	56	193	125	377	45	43	321	166	3,6	1 984	
Søgne	124	233	366	292	304	46	273	358	279	128	328	283	2,9	1 422	
Sirdal	177	159	5	265	90	45	273	27	192	360	352	139	6,2	8 046	
Åseral	407	355	123	4	190	97	273	212	125	360	353	264	6,9	7 539	
Songdalen	238	248	358	340	304	240	273	349	170	234	360	400	2,7	1 487	
Vennesla	360	388	128	236	225	84	273	366	36	349	395	362	3,2	1 726	
Froland	189	221	364	252	304	17	273	256	262	360	399	341	5,5	3 071	
Evje og Hornnes	342	159	98	342	195	241	273	277	117	323	411	338	4,5	2 641	
Iveland	290	303	163	259	232	297	273	249	66	360	413	376	4,6	3 741	
Bykle	355	47	472	25	85	20	273	31	208	342	117	60	15,1	18 447	

Figur 22: Nasjonale rangering av kommunane i kategoriene til Norsk kulturindeks. Beste plassering innanfor kvar kategori er framheva. Netto kommunale driftsutgifter med høgste verdi framheva (kjelde: Kleppe og Leikvoll (2016); SSB).

I 2017 blei det bruka samla 2869 kr per innbygger i kultursektoren i Åmli. Hovuddelen av dette gjekk til biblioteket, med musikk- og kulturskule og kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg på neste plassane. Ca 35 prosent av borna i Åmli har plass i kommunal musikk- og kulturskule.




Figur 23: Netto driftsutgift per innbygger i Åmli i 2017 (kjelde: SSB).

Åmli har vedteke eit planprogram for Kulturminneplan for 2016-2028. Føremålet med kulturminneplanen er å gi oversikt over eit utval kulturminne i kommunen og vere eit kunnskapsgrunnlag for framtidig kulturminneforvaltning.


1.7 Folkehelse

Folkehelse er definert som befolkninga si helsetilstand og korleis den fordeler seg. Statistikk som er relevant for folkehelse er faktorar som skildrar helsetilstand og heng nøye saman med andre utviklingstrekk i samfunnet. Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt (kjelde: SSB). Ca. 75 prosent av befolkninga over 18 år i Agder har svært god eller god allmennhelse. I austregionen (utan Arendal og Grimstad) har berre 69 prosent svært god eller god allmennhelse. Allmennhelsa blir betre med aukane utdanning.




Figur 24: Del av befolkninga i Agder som svarar at dei har «svært god helse, eller god helse» (kjelde, FHUS 2015)

Folkehelseprofilane for Aust-Agder og Vest-Agder frå 2017 syner at det er fleire i aldersgruppa 15-29 år med psykiske symptom og lidningar som kontaktar fastlege og legevakt enn i landet elles. Psykiske plager er ein av dei mest vesentlege årsakene til tidleg uføre blant ungdom og til redusert yrkesaktivitet. Åmli ligg i midtre sjikt av kommunane i landsdelen, og det er store variasjonar mellom kommunane på Agder.




Figur 25: Del med teikn på psykiske plager (kjelde: Ung i Agder 2016)

Stadig fleire born i Noreg veks opp i familiar med låg inntekt over tid. Sidan årtusenskipte har denne gruppa vorte tredobla. I Agder-fylka er fleirtalet av låginntektsfusstandar born av etnisk norsk opphav, medan det i landet elles er fleirtal av låginntektsfamiliar med innvandrarbakgrunn. Åmli ligg rundt midten av kommunane på Agder der unge svarar at «foreldra heile tida eller stort sett heile tida har hatt dårleg råd dei to siste åra». Det er verdt på merke at små endringar i svarfordeling her vil gjere store prosentvise utslag grunna få respondentar.




Figur 26: Del av ungdomsskuleelevane som svarer at foreldra har hatt dårleg råd, heile eller stort sett heile tida dei siste to åra (kjelde, Regional rapport, Ung i Agder 2016)

Omlag 97 og 98 prosent av den vaksne befolkninga i Aust-Agder og Vest-Agder trivs i stor eller nokon grad med å bu i heimkommunen. Kvinner trivs betre enn menn, og trivsel aukar med aukande alder og utdanning (FHUS, 2015). Omlag 87 prosent (heile Agder) kjenner stor grad av tryggleik i nærmiljøet sitt. Åmli gjer det best av alle kommunane på Agder på spørsmålet «Del ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande skule busett i den aktuelle kommune som kjenner det som svært trygt eller ganske trygt å ferdast i nærrområde der dei bur når dei er ute om kvelden».



Figur 27: Del av ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande skule busett i den aktuelle kommune som kjenner det som svært trygt eller ganske trygt å ferdast i nærrområde der dei bur når de er ute om kvelden (kjelde, Ung i Agder, 2016)

Indikatoren «sosial støtte» er samansett av mengda nære relasjonar, eigen oppfatning av om andre bryr seg og kor enkelt det er å spørje naboen om praktisk hjelp. I Agder er det 89 prosent som opplever moderat til sterk støtte. Austre-Agder (utan Arendal og Grimstad) har høgast del med 91 prosent som opplever moderat til sterk sosial støtte.



Figur 28: Oslo Social Support Scale (OSS-3). Tre spørsmål er summert til ein indikator for sosial støtte, gradert i tre nivå; lite, moderat eller sterk støtte. Indikatoren er samansett av omfang av tal på nære relasjonar, eigen oppfatning av om andre bryr seg og kor enkelt det er å spørje naboen om praktisk hjelp (kjelde: Folkehelseundersøkinga 2015)

Delen daglegrøykarar og «av og til røykarar» er høgare i Aust-Agder enn Vest-Agder og høgast i austregionen (utan Arendal og Grimstad). Det er høgare frekvens av drikking i Kristiansand og Arendal, men det er ingen regionale skilnader i Agder for kor mykje ein konsumerer når ein først drikk. Det er vedtatt ein Ruspolitisk handlingsplan for Åmli for 2012-2016 som skal oppdaterast i ny kommuneplanperiode.

1.8 SWOT-diagram

Det har vore gjennomført fleire arbeidsmøte med tenesteområda, leiargruppa og kommunestyret i Åmli for å samanfatte statistikk og analysegrunnlag. Ulike eigenskapar i Åmli kommune er plassert i forhold til korleis ein ser kommunen si plassering på desse relativt til andre kommunar på Agder. Plasseringane er gruppert i eit SWOT-diagram³. Hovudmål for ny kommuneplan er utforma med utgangspunkt i å avbøte svakheiter, unngå truslane, verne om styrkane og gripe moglegheitene i kommunen.

³ SWOT av engelsk, med følgande tyding: S: Styrke (strength), W: Svakhheit (weakness), O: Moglegeheit (opportunity), T: Trussel (threat). Diagrammet er eit analyseverktøy som vert nytta til å systematisere informasjonen.

transport både av gods og personar. Åmli har mange industriarbeidsplassar og kommunen er den største skogkommunen i Agder, både målt i avverking og produktivt skogareal. Åmli har såleis skogressursar til å ta ein sterk posisjon som del av eit grønt skifte.

Nokre parametrar er sett som «nøytrale» då vurdering av desse anten var på snittet i Agder, eller at dei er ulikt politisk oppfatta. Åmli har sterke vindressursar og områda frå Skjeggedal over Tovdal til Gjøvdal er av NVE vurdert til å vere av dei beste områda for utbygging av vindkraft i landet. Om ein vurderer dette som ein trussel eller mogelegheit kjem an på kva forhold ein vektlegg. Det er sentralisering internt i kommunen, med auke av folketal i kyrkjebygda, medan det har vore minke i folketal i grendene, med nokre periodiske unntak. Folketalsutviklinga har vore omlag flat siste åra, og fibertilknytninga er som på snittet i Agder.

2 Korleis vil vi ha det?

Føremålet med kommuneplanen er å ha ein open, konsistent, langsiktig og føreseieleg politikk og arealbruk for Åmli kommune. Kommuneplanen skal vere gjennomgripande i politiske organ og administrasjon, med innspel frå innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og offentlege instansar. Kommuneplanen skal sikre forankring for, og langsiktigheit i, strategisk retning for Åmli.

Ambisjonen er at kommuneplanen vil:

- Gi ein samla analyse over kommunens nå-situasjon og ressursgrunnlag
- Sjå utfordringar og mogelegheiter på tvers av tenester for best mogeleg felles ressursutnytting
- Vere felles grunnlag for årlege handlingsplaner og resultatmåling innanfor tenester i kommunen
- Utarbeidast på ein måte som gir brei medverking og debatt i kommunen
- Sikre effektiv utnytting av organisasjonen gjennom samla og overordna politisk og administrativ leiing
- Gi eigarskap til kommunens strategiske retning for Åmli sine innbyggjarar, næringsliv, samfunn og offentlege instansar
- Møte alle formelle krav om utforming av kommuneplan og kommunal planstrategi i Plan- og bygningslova

Strategisk retning er utforma som hovud- og delmål for kommunen. Desse vil gjelde for 2019-2031, med moglegheit til revisjon ved gjennomgåing av planstrategi kvart 4. år.

Proessen for å kome fram til nye hovud- og delmål er samanfatta i tabell 1.

Aktivitet	Tid
Opning av arbeid med kommuneplan og arbeidsmøte i samfunnseining	Juni 2018
Godkjent planprogram i kommunen si leiargruppe	August 2018
Orientering til kommunestyre om planprogram	20.9.2018
Godkjent høyringsutkast til planprogram	20.9.2018
Varsling av plan til offentlig ettersyn (6 veker)	24.9.2018
Informasjonsmøte med alle tenesteeiningane i kommunen om kommuneplanprosessen	
Samling med leiargruppe i kommunen på Hillestad	12.11.2018
Arbeidsmøte med alle tenesteeiningane i kommunen for utarbeiding av delmål	Januar/februar 2019
Arbeidsmøte med kommunestyret kring analysegrunnlag og hovudmål	31.1.2019
Frist for innspel frå einingar i kommunen til samfunnsdel	15.2.2019
Oppstart for oppdatering av arealdel	22.2.2019
Folkemøte i Åmli samfunnsdel	23.5.2019
Gjennomgang av forslag til oppdatering av arealdel i Planutval og Formannskap	11.6.2019
Diskusjon av plan med kommune/fylke gjennom planforum	6.6.2019
Folkemøte i Gjøvdal	20.8.2019
Folkemøte på Nelaug	22.8.2019
Folkemøte på Dølemo	27.8.2019
Høyringsutkast til kommunestyre	5.9.2019
Diskusjon av plan sendt på høyring i planforum	28.10.2019
Formell høyringsfrist	1.11.2019
Utsett høyringsfrist for Fylkesmannen i Agder, Aust-Agder Fylkeskommune, Direktoratet for Mineralforvaltning, Statens Vegvesen og Norges Vassdrag og Energidirektorat	4.12.2019
Ny plan til vedtak i Kommunestyret	30.1.2019

Tabell 1: Steg for utforming av kommuneplan 2019 -2031

2.1 Visjon og verdier

I Kommuneplanen 2007/2019 er kommunens visjon «Åmli kommune - bygda for alle». Denne er ikkje revidert som del av ny samfunnsdel og vil framleis vere Åmli sin visjon.

Åmli kommune har ikkje etablert særskilde verdier i dagens plandokument. Eit «Verdigrunnlag» blir gjort tilgjengeleg for alle tilsette ved start av arbeidstilhøve. Desse skildrar overordna køyrereglar for tilsette og leiarar i kommunen. Det er elles ikkje laga eit sett av felles verdier i kommunen, og dette har heller ikkje vore del av planprosessen for denne oppdateringa.

2.2 Hovudmål

Utforming av Hovudmåla har fylgt planprogrammet. Det er utforma i tett samarbeid mellom prosessleiar og prosesseigar for kommuneplanen, tenesteområda, leiargruppa og politikarar i kommunen. Måla har også vore presentert i folkemøte i bygda og i regionalt planforum i fylket.

Utgangpunktet for målsetingane er tal- og analysegrunnlag, samanstillt i SWOT-diagrammet (Figur 29). Denne syner område der kommunen meiner det er grunn for spesielle tiltak . Måla er grupperte i tre hovudbolkar. Desse er: «Berekraftig verdiskaping», «Gode tenester» og ein «Framtidsretta organisasjon».

Hovudmål for Åmli kommune 2019 - 2031

Berekraftig verdiskaping

- Samfunnsmessig vekst og utvikling
- God infrastruktur
- Gode bumiljø

Gode tenester

- Ta vare på heile mennesket
- Læringskultur
- Meistring og livskvalitet

Framtidsretta organisasjon

- Strategisk planlegging og styring
- God kommunikasjon og informasjon
- Omstilling- og tilpasningsdyktig organisasjon med rett kompetanse og kapasitet



Foto: Svein Mortensen

2.3 Delmål for tenesteområda

Utforming av delmåla har og fylgt planprogrammet. Det har vore gjennomført arbeidsmøte i alle einingane med presentasjon av planprogram, analysegrunnlag og til slutt forslag frå kvar einiskild eining for eigne mål. Desse har så blitt avstemt mellom einingsleiingar, rådmann og politikarar, før presentasjonar i folkemøte og regionale planfora. Delmåla er sett for kvart teneseteområde og ikkje einingar, for å vere robust for moglege organisatoriske endringar i perioden. Delmåla vil vere grunnlag for årlege handlingsplanar innan kvart tenesteområde.



Foto: Svein Mortensen

2.3.1 OPPVEKST

Tenestene som i dag er organisert under Oppveksteininga, har ansvar for barnehage, skule, kulturskule, vaksenopplæring, flyktingtenesta og helsestasjonen. Eininga har utarbeidd delplanar som opplæringsplan for 2019 - 2022 og Flyktingplan 2017- 2021. Delmåla i kommuneplanen er samkøyrtd med desse.

Barnehage, skule og vaksenopplæring

- Nulltoleranse for krenkingar og mobbing
- Fremme ein god kultur for læring
- Stimulere heile mennesket
- Alle skal bli sett og få utvikle egne moglegheiter
- Alle skal få tilpassa opplæring og oppleve meistring og utvikling
- Alle skal trivast og kjenne seg trygge

Flyktingtenesta

- Sikre gode oppvekst- og levekår og gi moglegheiter til å utvikle egne evner og interesser
- Bevisstgjeriing av plikter og rettar innanfor samfunnets normer og rammer
- Legge til rette for eit liv i kommunen på lik linje med andre innbyggjarar
- Alle skal ut i arbeid eller vidare skulegang etter fullført introduksjonsprogram

Helsestasjon

- Arbeide for eit godt tverrfagleg samarbeid
- Sikre trygg og god oppvekst uansett bakgrunn

Kulturskule

- Sikre gode vilkår for musikk, kunst og kultur
- Gi eit variert og godt kulturskuletilbod for alle som ønskjer det
- Syte for eit godt samarbeid mellom kulturskulen og skule/SFO, barnehage, andre kommunale tenester og kulturlivet elles

2.3.2 HELSE OG VELFERD

Helse og velferd organiserer tenester for legekantoret, akuttstenter, eldreinstitusjon, heimehjelp/heimebaserte tenester og fysioterapitenesta. Alle einingane har vore med på utforming av egne mål.

Helsetenesta

- Rett kapasitet og bemanning for å tilby gode helsetenester
- Tilbod innanfor lovverkets rammer
- Gode laboratoriumtenester
- God gjennomføring av samfunnsmedisinske oppgåver

Institusjon

- Meiningsfylt kvardag med aktivitet, omsorg og god livskvalitet
- Godt kosthald og ernæring med gode måltid
- Godt samspel med frivillige lag og organisasjonar
- Rett behandling gjennom tverrfagleg samarbeid
- Rett kompetanse, kapasitet og fleksibilitet
- God omsorg ved livets slutt

Heimebaserte tenester

- Leve heile livet med godt fagleg og sosialt tilbod
- Gode tenester for å bu heime lengst mogleg

- God bruk av digitale tenester og ny velferdsteknologi
- God infrastruktur for å ta i bruk tenester

Fysioterapi

- Funksjon og livskvalitet gjennom rett behandling til rett tid
- Gode lågterskeltilbod som fremmer bevegelseglede og fysisk aktivitet

2.3.3 HABILITERING OG RESSURS

Eininga organiserer i dag tenester for psykisk helse, funksjonshemma og NAV. Einingane har vore med på å sette eigne mål. Etter arbeidsmøta med einingane viste det seg at det er mange fellestrekk på overordna mål for 2019-2031 mellom områda. Ein vart difor samde om å bruke felles overordna mål for tenestemråda.

Habilitering og ressurs

- Tverrfagleg samarbeid og tilgjengelege tenester
- Tilrettelegging for meistring og det å klare seg sjølv i kvardagen
- Medverknad frå tenestemottakar
- Gode og varierte aktivitetstilbod
- Godt førebyggjande og helsefremmande arbeid



Foto: Camilla Glad

2.3.4 RÅDMANNENS STAB

Eininga organiserer i dag tenester innan økonomi, samfunnstryggleik, folkehelsekoordinator, dokumenthandsaming, arkiv og informasjon. Alle tenestemråda har vore med i utforming av eigne mål.

Økonomi

- God økonomisk styring og kontroll
- God økonomisk handlefridom

Dokumentasjon og informasjon

- God intern og ekstern informasjon
- Gode interne og eksterne digitale tenester
- God dokumentasjon og kompetanse innanfor gjeldande lovverk

Folkehelse

- Fremme god helse for alle og redusere sosiale helseforskjellar
- Skape gode møteplassar på tvers av generasjonar, kulturar og funksjonsnivå
- God oversikt over folkehelsa i kommunen for prioritering av tiltak

Samfunnstryggleik

- Trygt og robust samfunn
- Trygge og gode arbeidsmiljø
- Vere i stand til å handtere uføresette hendingar og krisesituasjonar



Foto: Svein Mortensen

2.3.5 SAMFUNN

Samfunnseininga inneheld sakshandsaming og rådgjevingstenester for kultur, jordbruk, skogbruk, næring, teknikk og byggesak. Desse er organiserte som eit «rådgjevarteam» som alle har vore med i møte for å utforme eigne mål.

I tillegg har eininga tenester innan reinhald, teknisk drift og vedlikehald.

Kultur

- Tilrettelegging for allsidig fritidstilbod, idrett og friluftsliv
- Tilrettelegging for kunst og litteratur
- God forvaltning og formidling av kulturarv
- Gode sosiale og kulturelle møteplassar

Teknisk

- God, sikker og klimatilpassa infrastruktur for vegar, data, drikkevatt, handtering av avfall, avløp og utslepp
- Sørge for vedlikehaldne og oppgraderte kommunale bygg og anlegg innanfor gjeldane lovverk
- Leggje til rette for nye næringsareal og bustadfelt
- Godt og oppdatert kartgrunnlag

Jordbruk

- God og miljøriktig utvikling av jordbruksnæringa
- Tilrettelegging for nye, og styrke eksisterande verksemdar
- Tilrettelegging for god skjøtsel av kulturlandskap og hindre gjengroing

Skogbruk

- God forvaltning av skog- og utmarksressursar
- Pådrivar for ombygging og vedlikehald av private skogsbilvegar for å sikre tilgang til skogareal
- Næringsutvikling basert på skogressursane

Næring

- Tilrettelegging for nye, og utvikle eksisterande arbeidsplassar
- Satsing på reiseliv og tilrettelegging for hyttefelt
- Stimulere til miljø- og klimatilpassa energiproduksjon



Foto: Jens Magne Føreland

3 Styringskart

3.1 Statlege og regionale føringar

Kommuneplanen er heimla i Plan- og bygningslova kapittel 10 og 11. Utforming av planen tar vidare utgangspunkt i nasjonale og regionale føringar, og avstemmer desse med lokale utfordringar og moglegheiter basert på oppdatert statistikk. Prosessen er gjennomført i tett samspel med kommunens tenesteeiningar og drøfta med lokalsamfunn i Åmli.

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for bærekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft. FNs bærekraftsmål er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei bærekraftig utvikling på kort og lang sikt. Regjeringa forventar at kommunane legg FNs bærekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og nye mål og arealbruk for Åmli samsvarar godt med overordna mål.



Figur 30: FNs bærekraftsmål

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei bærekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og ligg til grunn for dei statlege myndigheitene sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019):

- Å skape eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regionplan Agder er Agder-regionens viktigaste overordna dokument for regional utvikling, og har fem hovudsatsingsområde:

- Attraktive og livskraftige byar, tettstadar og distrikt
- Verdiskaping og bærekraft
- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur

I tillegg har planen tre gjennomgåande perspektiv:


- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

Statistikkgrunnlag, struktur og fokusområde frå regionplan Agder er utgangspunkt for kommuneplanprosessen i Åmli. Planen er og på line med nasjonale føringar etter Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, noko som vert spegla m.a. i forenkla sakshandsaming for bustadeigendomar i LNF i oppdatert arealdel. Satsingområde i samfunnsdelen er knytt til utnytting av lokalressursar i miljø og klimaperspektiv, god velferd- og sosial utvikling som grunnlag for satsing innan alle tenesteområda, samt å oppretthalde Åmli som eit trygt oppvekst- og bumiljø.

3.2 Utforming av årlege tiltak og resultatoppfølging i kommunen

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien skal omfatte ei drøfting av Åmli sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling og ei vurdering av kommunens planbehov i valperioden. Kommunestyret må då ta stilling til om gjeldande kommuneplan, eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Dette skal gjennomførast i 2020, og vil og vurdere innspel frå høyringsperioden som ikkje er direkte tatt inn i vedtatt plan.


Hovud- og delmål i samfunnsdelen (denne planen), er og bygd kring statlege og regionale føringar. Nye mål er framkomne gjennom statistisk oppsummering av kommunens utfordringar og moglegheiter (SWOT) og med tett medverknad frå alle tenesteeiningar i kommunen, kommunestyret og i dialog med Åmlisamfunnet. Tiltak skal gå inn i kommunens årshjul, og vere grunnlag for kommunens tiltak kommande år.



Figur 31: Samanheng mellom dei ulike plandokumenta for kommunens strategiarbeid (kjelde: Rettleiar, kommuneplanprosessen, www.regjeringen.no)

I ein plan som har 12 års horisont er det ikkje føremålstenleg å ha for detaljerte mål i samfunnsdelen, då dette vil medføre at planen etter kort tid er lite relevant og oppfattast som statisk.

For å gjere måla i samfunnsdelen om til tiltak, vil ein difor gjennomføre ein årleg prosess med nedbryting til aksjonar. Årsmål må settast i samanheng med økonomiske ressursar, og gjennomføring av aksjonane må fylgjast opp gjennom året. Resultatsikring og justering av mål undervegs må gjerast i kvart nivå i organisasjonen. Samanhengane er skissert i figur 31 under. Nedbryting til årsmål vert implementert frå og med 2020. Desse tek utgangspunkt i overordna mål frå denne planen, slik at desse kan nåast innan utgang av planperioden men og ta omsyn til endringar og ny informasjon undervegs.




Figur 32: Samanheng mellom ulike planprosesser i kommunens strategiarbeid for implementering av tiltak

Ved utforming av mål til årlige tiltak er det viktig at måla følger krav til målformulering, slik at gjennomføring kan målast. Ein hugseregul for dette er at mål/tiltak skal vere «SMART», dvs.:

- S - Målet må kunne definerast spesifikt/konkret
- M - Målet må vere målbart
- A - Målet må vere ambisiøst (men akseptert og oppnåeleg)
- R - Målet må vere realistisk
- T - Målet må vere tidsbestemt

Årleg målesettingsprosess skal ta utgangspunkt i kommunens hovud- og delmål frå denne planen, som vist i figur 32. Mål som ikkje fell under hovud- og delmål bør prioriterast ned.



Figur 33: Nedbryting frå hovud- og delmål i kommunen til årlege mål

Ved etablering av årlege mål i einingane bør ein skilje mellom «driftsmål» og «utviklingsmål». Driftsmål vil vanlegvis følge eit årshjul, og oppfølging av målet (resultatsikring) vil vere å sikre gjennomføring innan tidsfristar og med tilstrekkelig kvalitet.

Utviklingsmål gjeld utvikling av «nye område». Dette kan vere forbetringstiltak knytt til eksisterande drift og vedlikehald, eller handlingar som skal gjennomførast som eit eingongstilhøve. Slike tiltak kan det vere

føremålstenleg å organisere som prosjekt. Status for årlege mål og tiltak bør gåast gjennom av leiar og medarbeidar regelmessig, til dømes kvar måned. Om ein ikkje ligg i rute for gjennomføring som planlagt for enkelte mål, bør spesiell merksemd rettast for tiltak knytt til desse.

Mål for eining/gruppe/medarbeidar 20xx		Frist (eksempel)	Status (fyll inn farge raud/gul/grøn) for oppfølging kvar måned												
			J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	
Driftsmål	Mål 1	31.12													
	Mål 2	31.12													
	Mål 3	31.12													
Utviklingsmål	Mål 1	1.6													
	Mål 2	15.9													

Tabell 2: Struktur på oppfølging av årlege mål brote ned frå hovud- og delmål i kommuneplanen (eksempel)

4 Referansar

Mykje av tekst- og talmateriale i kapittel 1 er henta frå «Agdertall 2018», utarbeidd av Aust-Agder Fylkeskommune og Vest-Agder fylkeskommune i samanheng med arbeid med Regionplan Agder 2030. Andre spesifikke originalkjelder er lista opp under:

- ADAPT Consulting AS, 2017: A Brief Overview of the Power System in Norway and Southern Norway in particular. Kan lastas ned fra VAF her: <http://www.vaf.no/media/6710388/A-Brief-Overviewof-the-Power-System-in-Southern-Norway2017-002-.pdf>
- Agder Energi Nett, 2013.
<https://www.aenett.no/globalassets/publikasjoner/utredninger/energiutredninger-2013/aust-agder/amli-leu.pdf>
- Agder fylkeskommune (2019), Regionplan Agder 2030. Attraktive, samskapende og bærekraftig
- Helsedirektoratet, 2015: Folkehelsepolitisk rapport, Indikatorer for det tverrsektorielle folkehelsearbeidet. IS-2776.
- Johansen, Rune, 2017: Folkehelseundersøkelsen – Helse og Trivsel 2015 i Vestfold, Vest-Agder og Aust-Agder. Folkehelseinstituttet. Kan lastes ned her:
<http://www.regionplanaqder.no/media/6904622/Resultatrapport.pdf>
- Kleppe, Bård og Leikvoll, Gunn Kristin Aasen, 2016: Norsk kulturindeks 2016. Telemarksforskning 48 – 2016. Data henta frå <https://www.telemarksforskning.no/mediafiler/fil.asp?id=2103>
- Klimaprofil Agder - <https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-agder/attachment/12027?ts=15dcb10bf8b>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023
- KoRus Sør, 2016: Regional rapport Ung i Agder 2016. UNG dataundersøkelse.
- Miljødirektoratet 2019, kart over verneområder. <https://kart.naturbase.no/>
- NSB, 2018 - <https://www.nsb.no/om-nsb/for-presse/pressemeldinger/over-65-millioner-togreiser-i-2017>
- NVE 2019, Forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Rapporten kan lastast ned her:
http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf
- SSB, 2017: Levekårsundersøkelsen 2015, samordnet med den europeiske helseintervjuundersøkelsen.
- Strategi for ladeinfrastruktur i Agder, 2015. Kan lastas ned her:<https://www.klimapartnere.no/wp-content/uploads/2016/03/strategi-for-ladeinfrastruktur-i-agder-vedtatt-8.12.15.pdf?x80487>
- Vareide, Knut 2014, Telemarksforskning – presentasjon i møte i Åmli kommune